

## OPPSTARTSMØTE-REFERAT

### Detaljreguleringsplan Røyerneset rasteplass, gbnr 33/13 og 29/134

<b>Møtestad:</b>	Teams-møte
<b>Møtedato:</b>	03.10.2022
<b>Framleggsstillar:</b>	Nasjonale turistveggar, v/Werner Harstad
<b>Plankonsulent:</b>	Asplan Viak AS Leikanger, v/ Hilde Ruud og Synne Alvilde Næss
<b>Deltakarar frå kommunen:</b>	Monika Lysne
<b>Referent:</b>	Hilde Ruud

Utgangspunktet for møtet er planinitiativet. Punkta nedanfor er suppleringar og presiseringar for det vidare planarbeidet utover det som er omtala i planinitiativet.

For utdjupande info innan tema som føremålet med planarbeidet, planstatus, premisser for planarbeidet, presentasjon av prosjektet, verknader av tiltaket, utgreiingar, mv. sjå planinitiativ.

### Tema som vart drøfta/omtalt i oppstartsmøtet:

#### Planavgrensing:

Planavgrensing som vist i planinitiativ skal inkludere naust.

#### Avkøyrsløse:

Det skal avklarast med SVV forhold kring utforming av tilkomst og fartsgrense, avtal møte med SVV. Som del av planarbeidet skal ein vurdere å søke om redusert fartsgrense på fylkesveg 5627.

#### Gang- og sykkelsti:

Det kan bli aktuelt med gang- og sykkelsti langs fylkesvegen frå Lærdalsøyri og utover fjorden. Vurder trase forbi rasteplassen (langs fylkesvegen eller innom rasteplassen). Det er mykje syklistar på strekninga og desse må inkluderast i planlegginga av rasteplassen. Syklistane er både turistar og lokale som brukar området for bading mv. Vurder behov for sykkelparkering samt storleik/plassering.

#### Buss:

Det må vurderast om buss skal ha moglegheit til å køyre inn på rasteplassen eller ikkje. Det er busstrafikk forbi rasteplassen og tilbod som til dømes rundreisa Flåm-Lærdalstunnellen-Aurlandsfjellet-Flåm vil kunne auke mengda buss som vil passere Røyerneset og potensielt ha behov for å stoppe. Vurdering rundt temaet må omtalast i planomtala. Dersom det blir forbod mot buss, må det skiltast godt. Det bør utarbeidast skiltplan.

## OPPSTARTSMØTE-REFERAT

### Eigedomsgrenser:

I planarbeidet skal eigedomsgrensene i plankartet nyttast i det vidare arbeidet.

### Toalettbygg:

Detaljreguleringsplanen legg til rette for toalett, men eit toalettbygg blir ikkje realisert før det ligg føre ein driftsavtale. Type toalettløysing blir del av planarbeidet.

I samband med toalettbygget må det vurderast tømmestasjon for bubil, men dette er i utgangspunktet eit kommunalt ansvar. Tømmestasjon blir truleg ikkje etablert på Røyerneset. Kommunen presiserer at tømning for bubilar er ei utfordring. Etablerte tømmestasjonar i dag er på campingplassen på Øyri og på Håbakken. Om det ikkje vert tømning på Røyerneset rasteplass, må det vere god informasjon om kvar ein kan tømme.

### Avfallshandtering:

Det er i dag mangel på bossdunkar /avfallssystem på området, det er stor trafikk og utfordrande i høve avfallshandtering.

### Naust:

I samband med detaljregulering for Røyerneset rasteplass blir eigendommen vidareført som LNF-føremål, jamfør framlegg til kommuneplan. Tilkomst skal sikrast i planen.

### Universell utforming:

Opparbeida rasteplass og uteareal skal tilfredsstillere krav om universell utforming, der alle har tilgang til hovudfunksjonar som toalett, møblar og gangsamband på nivå med parkeringsarealet. Det skal vurderast om det er mogleg å legge til rette ned til vatnet /vassflata, men terrenget er bratt og det kan vere utfordrande. Det er viktig med utsiktspunkt på kanten av rasteplassen før terrenget blir for bratt for god utsikt og oppleving av fjordlandskapet.

### Naturmangfald:

Lærdalsfjorden er ein nasjonal laksefjord. Det finst mykje kobbe og oter i/langs fjorden. Naturmangfaldet på land og i fjorden må omtalast i planomtalen.

### Støy:

I plankartet vil ein vil leggje inn støysona henta frå vegkart.no.

### Naturfare:

Skredfare må utgreiast og ein må sjå på eventuelle tiltak. Må vurdere om planlagt voll mot fylkesvegen er tilstrekkeleg. Det må vurderast om det er behov og ev. kva sikringstiltak det er behov for i samband med toalettbygget og opphaldsområdet elles.

Neset er værutsatt, særleg vestavinden tek godt. Vurder om dørene på toaletta skal plasserast på lesida av bygget.

## OPPSTARTSMØTE-REFERAT

### Medverknad:

Følgjande offentlege organ og andre interesser skal varslast om oppstart av planarbeid i tillegg til grunneigarar, festarar og rettshavarar i og tilgrensande planområdet. Sjå lista nedanfor. Lista er revidert etter oppstartsmøte med kommunen, sjå raud tekst.

- Statsforvaltaren Vestland
- Vestland Fylkeskommune
- Lærdal kommune **v/teknisk eining**
- Statens Vegvesen
- NVE
- Lærdal Brann og redning
- SIMAS
- Telenor
- Fiskeridirektoratet og kystverket
- Jakt- og fiskelag
- Mattilsynet
- **Sognefjorden vel**
- **Råd for eldre og nedsett funksjonsevne**
- **Barnerepresentanten**
- **Ungdomsrådet**
- **Lærdal båteigarlag**

Monika Lysne sender kontaktinfo for punkta i raud tekst.

### Gebyr:

Monika Lysne sender info om gebyr.